

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

04.03.2010

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag 09.03.2010 kl. 13.00 i
Formannskapsalen**

SAKLISTE:

- Sak 05/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 8. februar 2010.
- ” 06/10 - Forvaltningsrevisjon – Hagarden bustadfelt og Ullavik barnehage (Rapport og innstilling blir å ettersende)
- ” 07/10 - Orientering om rente-swap
- ” 08/10 - Årsmelding 2009 Sykkylven kontrollutval

Eventuelt.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 08.02.2009, kl.11.30

Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse var til stades:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth = 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne .

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 10. DESEMBER 2009**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 10. desember 2009 blir godkjent.

**SAK 02/10
VEDKOMANDE PS 11/10 RAPPORTERING GJELDANDE VEDTAK I
KOMMUNESTYRET FOR 2. HALVÅR 2008 OG HEILE 2009**

Saksutgreiing datert 05.02.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling :

Kommunestyret vurderer statusen til kommunestyresak 29/09, jf også deler av sak 57/09 som ikkje avslutta. Oppfølging av kommunestyresak 29/09 blir sett på som mangelfull.

SAK 03/10

RENTE-SWAP (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil at rådmannen i neste møte orienterer om kva denne rente-swapen inneber av vilkår, om økonomiske resultat av denne forvaltninga, og om forvaltninga er i samsvar med forskrift om finansforvaltning og lokale retningslinjer for finansforvaltning.

SAK 04/10

BREV FRÅ KOMMUNEREVISJONEN DATERT 27.01.2010 OM AVVIKLING AV LIKVIDITETSRESERVEN (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseth
medlem
(sign.)

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:

Vår dato:
27.01.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Sykkylven kontrollutval

Sykkylven kommune
Rådmannen
Rådhuset

6230 Sykkylven

KOMMUNEREKNESEKAPEN 2009 – AVVIKLING AV LIKVIDITETSRESERVEN

Det vert vist til møte 26.01.2010 mellom kommunerevisjonen og stabseininga. Vidare vert det vist til brev av 03.07.2008 frå kommunerevisjonen og e-post 18.01.2010, der vi bad om ei tilbakemelding knytt til handteringa av avviklinga av likviditetsreserven i kommunerekneskapen.

Likviditetsreserven vert avvikla som særskilt eigenkapitalkonto i kommunane sin balanserekneskap f.o.m. 01.01.2010. Avviklinga vert gjennomført ved at verknaden av tidlegare års endring i rekneskapsprinsipp – som var rekneskapsført direkte mot likviditetsreserven – vert overført til nyoppretta konti for prinsippendring drift og investering, medan resterande saldo på likviditetsreserven skal overførast til høvesvis disposisjonsfond og ubunde investeringsfond.

Ein del kommunar har gjennom åra dekkja inn negativ saldo på likviditetsreserven gjennom avsetjingar. Også desse kommunane skal overføre verknaden av tidlegare prinsippendringar til konto for prinsippendringar. Dette vil også gjelde dersom kommunen har teke prinsippendringane over driftsrekneskapen, og ikkje ført dei mot likviditetsreserven. I slike tilfelle vil ein resterande likviditetsreserve samsynlegvis vere knytt til driftsrekneskapen, og skal overførast til disposisjonsfond.

Dei prinsippendringane som skal overførast til kontoane for prinsippendring er lista opp i departementet sine merknader til forskriftsendringa. Kommunerevisjonen vil spesielt fokusere på handteringa av prinsippendringa knytt til feriepengar i 1992, då denne har beløpsmessig størst effekt. For feriepengar 1992 og arbeidsgjevaravgift av desse, slo departementet fast at desse skulle førast mot kapitalkonto. Departementet uttalte vidare at all avsetjing til kontantbeholdninga fram til 31.12.1992 var knytt til kapitalrekneskapen (investeringsrekneskapen). Opningssaldo likviditetsreserve investering pr. 01.01.1994 skulle difor bestå av alle avsetjingar til kontantbeholdninga gjort t.o.m. 31.12.1992. Dette medførte at verknaden av føringsmåten for betalte feriepengar i 1992 kom til uttrykk under konto for likviditetsreserve avsett frå kapitalrekneskapen (investering). Når det gjeld 1993 og seinare år, var slike spesielle føringar knytt til endringar i periodisering av driftsrekneskapen, og vart difor ført under konto for likviditetsreserve avsett frå driftsrekneskapen. Det vert elles vist til posteringseksempelet som følgde vårt brev av 03.07.2008.

Ved presentasjonen av kommunerekneskapen 2008 for Sykkylven kommune, kom det fram at omlegginga medfører at kommunen i 2009 skal ta til inntekt kr 7 583 413,-, som skal avsetjast til disposisjonsfond/reduere underskot for 2008. Utrekninga av storleiken på prinsippendringane var basert på tabelloppsett i frå GKRS, og sidan kvalitetssikra av Norsk Kemner- og kommuneøkonomers forbund.

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse
Lørsledvegen 545, 4 etg.
E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465

Foretakerreglert
NO 971 562 587

I tilknytning til vår gjennomgang av kommunerekneskapen 2009 og opplysningar framkome i møte med stabseininga 26.01.2010, viser det seg at resterande likviditetsreserve er knytt til investeringsrekneskapen og ikkje driftsrekneskapen. Midlane skal soleis avsetjast til ubunde investeringsfond og ikkje til disposisjonsfond.

Vi ber om at det vert teke omsyn til dette i tilknytning til avsluttinga av kommunerekneskapen 2009 for Sykkylven kommune.

Med helsing


Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 09.03.2010

**SAK 06/10
GRANSKING AV INVESTERINGSPROSJEKTA ULLAVIK BARNEHAGE OG
HAGARDEN BYGGEFELT**

Som vedlegg følger:

- Forvaltningsrevisjonsrapport vedkomande Ullavik barnehage og Hagarden byggefelt.

Vedlagte rapport er ei relevant vidareføring av kontrollutvalet sin rapport av 15.06.2009 om underskotet til Sykkylven kommune for 2008. Hovudbodskapen også då var manglande styring og kontroll. I sak RS 3/09 i møte den 23.11.2009 gjorde kommunestyret slikt vedtak:

Kommunestyret ber kontrollutvalet granske overskridingane og den administrative saksgangen i byggesaka knytt til prosjekta Hagarden byggefelt og Ullavik barnehage”.

Ovannemnde byggesaker set søkelys på mangelfull forståing og kvalitetsikring av budsjettprosessar.

Eit av krava kommunestyret fatta vedtak om ved behandlinga av kontrollutvalet sin rapport var styrking og omorganisering av den sentrale økonomifunksjonen i Sykkylven kommune.

Eg gir ikkje ytterlegare kommentarar, men viser til vedlagte rapport.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

1. Kommunestyret stiller seg kritisk til at mangelfull budsjettforståing og økonomisk styring og kontroll ved gjennomføring av byggeprosjekt har ført til at Ullavik barnehage og Hagarden byggefelt har blitt sett i verk utan budsjettmessig heimel/tilstrekkeleg heimel og at feilaktig praktisering av sentrale budsjettforskrifter og lokalt økonomireglement med tilhøyrande saksbehandling og rapportering har medført regelbrot og feilinformasjon til dei folkevalde.
2. Kommunestyret sluttar seg elles til rapporten sine vurderingar og tilrådingar og ber rådmannen iverksette desse.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalget

Dato: 04.02.2010

SAK 07/10
RENTE-SWAP

Temaet kom opp i sak 03/10 under eventuelt. Kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil at rådmannen i neste møte orienterer om kva denne rente-swapen inneber av vilkår, om økonomiske resultat av denne forvaltninga, og om forvaltninga er i samsvar med forskrift om finansforvaltning og lokale retningslinjer for finansforvaltning.

Med bakgrunn i dette blir rådmannen bedt om å gi ei orientering i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 04.02.2010

**SAK 08/10
FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2009 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

Det blir vist til vedlagte framlegg til årsmelding.

På bakgrunn av ovenstående blir saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2009 for Sykkylven kontrollutval.

Harald Rogne
dagleg leiar

SYKKYLVEN KOMMUNE

KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2009

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt å ha kontrollutval. Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og sammensetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredsstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eierskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjonen. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

I valperioden 2007 til 2011 har utvalet følgjande samansetning:

Leiar: Rolf Bergmann (Frp)
Nestleiar: Torild Hole (SP)
Medlem Steinar Myrseth (H)

Aktiviteten i året

Kontrollutvalet har hatt 8 møte i 2009 og behandla 43 saker. I tillegg til behandling av kommunen sin rekneskap og årsmelding har kontrollutvalet sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpende oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon gjennom behandling av økonomirapportane. Økonomi, økonomistyring og økonomirapportering har hatt eit ekstra fokus gjennom ein rapport kontrollutvalet utarbeidde om same tema. Rapporten vart levert 15.06.2009 etter bestilling frå kommunestyret og vart behandla av kommunestyret i same møte som årsmelding og årsrekneskap.

Kontrollutvalet har vidare behandla ei sak om sal av kommunal eigedom. Kontrollutvalet har presisert viktigeita av utlysing og takst i slike saker og også vist til EØS – regelverket om konkurranse. Kontrollutvalet har også fått seg førelagt ei sak om varsling. Denne saka ga

kontrollutvalet inntrykk av i kor stor grad kommunen etterlever sine egne retningslinjer for varsling.

Kontrollutvalet har vidare sett på, og har til vidare oppfølging om kommunen svarar på brev innan fastsette fristar. Kontrollutvalet har også sett på korleis kommunen følgjer opp tidlegare vedtak.

Kontrollutvalet har i store deler av året som gjekk prøvt å finne ut korleis kommunen har sikra sine økonomiske interesser i Storfjordterminalen AS. Denne saka har ikkje funne si avklaring.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt prioritert å ivareta den styrka stillinga kontrollutvalet er forutsatt å ha etter endringane i kommunelova. Kontrollutvalget har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har kontrollutvalet lagt vekt på dialog med kommunen si politiske og administrative leiing.

Sykkylven, 09.03.2010

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
nestleiar
(sign.)

Steinar Myrseth
medlem
(sign.)